



Vang kommune

VANG MASKIN AS
Tynvegen 4854
2975 VANG I VALDRES

Dykkar ref.:
80819f34-8a01-48d4-bf5c-
e1b50b205a2f

Vår ref.:
HEMAND-2022004693 -3

Arkiv:
GBNR-5/135, GBNR-
5/136, GBNR-5/137,
GBNR-5/138, K2-K24

Vår dato:
20.08.2026

Saksnr.	Utval
156/26	Hovudutval for utvikling

Utsleppsløyve for felles gråvannsreinseanlegg Målnes (5/135-138) med vilkår Gnr 5 bnr 135-138

Saksopplysningar:

Det er søkt om felles reinseanlegg for gråvatn for 4 fritidsbustadar i reguleringsområde Målnes med planid: 3454_2023004.

Søknaden gjeld for desse eigedomane:

- 5/135
- 5/136
- 5/137
- 5/138

Tillaten løysing

Løyvet til utslepp av sanitært avløpsvatn gjeld frå 24.08.2026, og vi har gitt løyvet med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5. Løysinga vi har gitt løyve til, er Odins gråvannsreinseanlegg for 4 fritidsbustadar med 20m infiltrasjonsrør, inkludert peilerør. Dette gjeld for eit større antal sengeplassar (5-6 per fritidsbustad) og størrelse på tank er prosjektert etter tabell i VA-miljøblad nr. 60. Løyvet gjeld 3pe.

Vilkåra for løyvet

Vang kommune har gitt løyvet på bakgrunn av opplysningane i søknaden av 04.08.2026.

Vilkåra for løyvet er at du skal etablere og drive utsleppet frå gnr. 5 og bnr 135-138. i samsvar med

- krava i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13 (sjå vedlegg).
- opplysningane i søknaden av 04.08.2026 (sjå vedlegg).

- forureinar forpliktar seg til å forhalda seg etter forskrift og vedtak frå kommunen og kommunale renovasjonsteneste (sjå vedlegg).
- Du må følgje serviceavtalen for anlegget. Løyvet er berre gyldig så lenge du følgjer og opprettheld denne eller tilsvarande avtale. Eiger av eigedom er ansvarleg for drift og vedlikehald jf. forureiningslova §24.
- Forureinar forpliktar å informere Vang kommune som forureiningsmyndigheit om nedlegging eller stans av anlegget.
- Det må sikrast nødvendig tilkomst for kommunal renovasjon. Avstand frå oppstillingsplass til avlaupsanlegg bør ikkje vere lenger enn 15 m, jf. forskrift frå Valdres kommunale renovasjon (sjå vedlegg). Kumlokka skal vere forsvarleg sikra til kvar tid. Dei skal ikkje dekkjast til, men vere tilgjengelege for inspeksjon og tømning.
- forureiningsmyndigheit kan endre, gjere om eller trekke tilbake løyve jf. forureiningslova § 18.
- det skal bli sendt inn ein ferdigmelding etter avlaupsanlegg er ferdigbygd.

Vurdering:

Dette gjeld innafor reguleringsplanen for Målnes. Her er det krav til kva slags VA som kan utnyttast. Jf. reguleringsplan er det generelt ikkje tillaten med utslepp av sanitært avløpsvatn, men det er opna for separate løysingar for gråvatn. For svartvatn er det berre tillaten biologisk løysing som for eksempel forbrenningstolett, eller andre ikkje-søknadspliktige tiltak.

Ansvarleg søker har gjort ein god og detaljert jobb med søknad. Alle relevante punkt i forureiningsforskrift og krav frå kommune er følgt. Det er søkt om felles reinseanlegg for gråvatn med fire fritidsbustadar. Det er oppretta serviceavtale for Odin gråvannsanlegg med alle einheiten. Det blir også oppretta eigen vassforsyning med alle fritidsbustadar. Dette vil ikkje vere plassert for påverknad frå utslepp.

Tiltaket vil med stor sannsyn ha liten påverknad på naturmangfaldet jf. §7 i naturmangfaldlova. Totalbelastning på resipient vil også vere innanfor krav i vassforskrift.

Du og aktuelle partar kan klage på vedtaket

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er **tre veker**. Hugs å grunngi klagen og føre opp kva endringar du ønskjer. Send klagen til post@vang.kommune.no. Også andre som dette løyvet til utslepp vedkjem, for eksempel nære naboar, kan klage på vedtaket. Dersom nokon klagar på løyvet, installerer du anlegget på eigen risiko. Kommunen kan bestemme at løyvet ikkje kan takast i bruk før klagen er avgjort. Kommunen si avgjerd om dette kan ikkje påklagast, jamfør forvaltningslova § 42.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka

Du har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19. I denne saka er dokumenta offentlege, og alle som ønskjer, har rett til å sjå og gjere seg kjende med dei.

Du må betale eit saksbehandlingsgebyr

Kommunen si behandling av søknader om løyve til utslepp er omfatta av ei gebyrordning, sjå gebyrregulativet til kommunen. Du må betale eit gebyr på kr 8500 for kommunen si behandling av søknaden.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med Vang kommune på telefon 61 36 94 00 eller post@vang.kommune.no.

Vedtak:

Med heimel i kommunelovas § 5-3, jfr. delegeringsreglement vedteke i sak KS 032/25, jf. plan- og bygningslovas §§ 20-1 a, 20-3 og jf. forureiningsforskrifta § 12-5 gir Vang kommune løyve til etablering av felles avløpsanlegg og løyve til felles utslepp av sanitært avløpsvatn på eigedomane tilhøyrande:

- gnr. 5 og bnr. 135.
- gnr. 5 og bnr. 136.
- gnr. 5 og bnr. 137.
- gnr. 5 og bnr. 138.

Løyvet gjeld frå 24.08.2026.

Med helsing

Andris Hemsing

Rådgjevar tilsyn og spreidd avløp

Dir. tf.: 906 56 136

E-post: andris.hemsing@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

VKR forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres	303538	24.08.2026
Vedlegg - standardkrav i forureiningsforskrifta kapittel 12	303539	24.08.2026
Serviceavtale - Odin gråvannsrenseanlegg Målnes.pdf	303540	24.08.2026
Fagrapport felles avløpsanlegg Målnes.pdf	303541	24.08.2026